

Ryddde i opplysningane

Rydd i dataa de har samla inn, slik at de får oversikt over kva de eigentleg har funne ut. Korleis de ryddar kjem an på kva slags data de har samla inn og kva hypotesar de testar.

Eit søylediagram blir ofte brukt når vi skal samanlikne noko, fordi forskjellane kjem tydeleg fram.

Illustrasjon søylediagram

I forskingsprosjektet «Kvifor klør vi?» valde elevane å samle dataa i ein tabell som dei overførte til eit diagram, då dei skulle teste hypotesen «Vi trur at når vi snakkar om å klø, så klør vi».

Her er nokon av forskingsnotata til elevane som forska på “Kvifor er folk sure på T-bane, buss og trikk?”. Dei rydda i forskingsnotata og viste fram resultatet slik:

Avstemning St Sunniva

5. trinn på Haukås skole forska på “Kvifor går tida nokre gonger fort og nokre gonger sakte?”.

Illustrasjon tid

Barn i ring

Elevane ryddar i opplysningane dei har fått inn. Eit av funna i prosjektet var at ein time berre kjendest som 40 minutt når dei var saman med nokon. Resultatet valde dei å vise som eit kakediagram, altså eit sirkeldiagram.

Kakediagram

← Tilbake

Neste →

PUBLISERT 07 NOV. 2023

DEL | LAST NED

